



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.  
14/2074-8/K2-N61//ELE

Dato:  
02.02.2015

## **POSTLOV OG POSTFORSKRIFT - MELDING OM VEDTAK**

Eid kommunestyre har i møte 29.01.2015 gjort følgjande vedtak i KS-sak 018/15:

### **Uttale til ny postlov og postforskrift**

God infrastruktur, som omfattar gode posttenester, er avgjerande for alle kommunar. Framlegget til ny postlov og implementering av EU sitt tredje postdirektiv kan få store konsekvensar for posttenestene, særleg i distrikta. Eid kommune er avhengig av at våre innbyggjarar og næringsliv har like gode vilkår, inkludert posttenester, som elles i landet.

Forslag til ny postlov opnar for full konkurranse på postmarknaden og fjernar einheitsporto og eineretten til Posten Norge. Dette lovforslaget fjernar grunnlaget for det spleiselaget som hittil har sytt for likeverdige posttenester til lik pris over hele landet.

Det er stor nedgang i postomdeling på laurdagar samanlikna med vekedagar, sidan mykje post vert levert elektronisk. Samstundes er det framleis mange innbyggjarar som ikkje har god nok tilgang til elektroniske hjelpemiddel og nett, eller av ulike grunnar ikkje er brukarar av internett og andre digitale løysingar. På bakgrunn av prinsippet om lik tilgang til tenester uansett bustad, bør seks dagars omdeling av post difor halde fram som før. Dersom 5 dagars postomdeling vert innført, må alternativ 1 leggjast til grunn, for å sikre avisomdeling på laurdagar over heile landet..

Eid kommune finn at det er rett og viktig å få på plass ei lov som regulerer ei sikker digital postteneste. Den elektroniske og digitale utviklinga gjer at stadig mindre post vert send på tradisjonelt vis. Det er også eit krav at all offentleg post skal tilpassast digitale løysingar.

E- post, SMS og sosiale media dekkjer i stor grad innbyggjarane sitt daglege kommunikasjonsbehov, men denne typen kommunikasjon har ikkje nødvendigvis tilstrekkeleg tryggleik og notoritet til å spore sendingar eller sende konfidensiell informasjon.

Eid kommune meiner det er eit mål å leggje til rette for auka bruk av elektroniske posttenester. Med dette som bakgrunn er det difor viktig å få på plass ei minimumsregulering som sikrar eit grunnleggjande forbrukarvern knytt til dei digitale posttenestene.

Ut frå dette kan ikkje Eid kommune støtte det utsende framlegget til ny postregulering slik det ligg føre, og vil gje følgande uttale:

1. 6 dagars postomdeling må halde fram som før.
2. Dersom 5 dagars postomdeling vert innført, må alternativ 1 leggjast til grunn.
3. Det må innførast ei minimumsregulering av sikker digital postteneste.
4. Eid kommune går i mot å opne for full konkurranse på postmarknaden og fjerne einhetsporto og eineretten til posten Norge.

Vedlagt følgjer særutskrift frå møteboka for saka.

Brevet vert berre sendt elektronisk.

Med helsing

Alfred Bjørlo  
Ordførar

Elin Leikanger  
Kommunalsjef  
57885861

**Kopi til:**

Kristine Dahl	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Åslaug Krogsæter		6771	NORDFJORDEID
Elin Leikanger	Kommunalsjef	6771	NORDFJORDEID
Tore Nyhammer-Taklo	Driftssjef	6770	NORDFJORDEID